



# Kviteseid misjonskyrkje

## MISJONSKIRKEN NORGE

### Referat frå styremøte onsdag 28. august 2019 kl 18.30

#### Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Øystein Kvamme (2018-2019)

Mari Songe (2018-2019)

**Ane opna med å snakke om at «Gud skaper alltid no` nytt», og at dette er eit spanande utgangspunkt ved inngang til nytt semester. Ho minna også om versa i Sefanja 3.17: Herren din Gud er hos deg, ein helt som har makt til å frelse.**

Sak 24/19: Godkjenning av referat frå styremøtet 5. juni 2019

Referatet vart godkjent utan merknader

Sak 25/19: På kva måte kan vi som kyrkje jobbe vidare med å dele Jesus med fleire i Kviteseid?

Vi samtalte vidare om sak 18 på førre styremøte.

Vi ynskjer å få heile kyrkjelyden engasjert i å dele Jesus med fleire. Ane vil dei komande fire sundagstreffa utfordre oss på dette, under overskriftene «1. Tenk 2. Be 3. Relasjon 4. Invitasjon»

Sak 26/19: Konferanse «Gi Jesus videre» 22.-24. november

Førebels er ca 3 familier positive til å reise. Vi ordnar derfor ikkje felles overnattingsplass, men overlet dette til kvar enkelt familie.

Sak 27/19: Ansgar-helg 25.-27. oktober

Fredag: Konsert på Kvitsund (truleg kl 19.00) Ansgarkoret. Køyrrer fram og tilbake til Kristiansand på dagen.

Laurdag: Lovsangskveld på Betel med ei gruppe på 6-7 stk.

Sundag: Lovsangsgruppa blir med på 0-100.

Vidare organisering av helga:

- Kontakt med Ansgar for å avklare detaljar: Åsbjørg
- Detaljert avklaring med Kvitsund om klokkeslett, mat, betaling og overnatting: Åsbjørg
- Samarbeid med miljøarbeidarene på Kvitsund: Åsbjørg og Sigrun
- Leie konserten – Sigrun (Åsbjørg er reserve)
- Leie lovsangskvelden på laurdag kl 19.00 – Øystein.

#### Sak 28/19: [Musikk på søndagstreffa dette halvåret](#)

Olav Holm vil ha pause frå spelinga dette halvåret pga oppstart som organist i kyrkja.

Sigrun Kvamme kan spele på minst eitt møte. (Kan også spørjast til fleire møte på kortare varsel.)

Sigrun L. S. spør også Inger Holm om ho vil spele på eit møte i haust, og ha med seg Hanne Songe som forsanger. Ho spør også Dag Henning om han vil ta eit møte.

Ane spør Olav om å ta møtet der KSC syng.

Ane Holm organiserer dei resterande møta ved å spele sjølv samt å involvere flest mogleg born og unge. Ane inviterer aktuelle ungar til å møte ein time før og øve inn enkle songar. Ho samarbeider også med møteleiar om sangvalget.

Ane oppfordra oss i styret til å tenke gjennom kva songar vi verkeleg vil at ungane våre skal lære!

#### Sak 29/19: [Rask gjennomgang av øvrige arrangement dette halvåret](#)

25. august      Søndagstreff      Jan Danielsen

– Å sjå seg sjølv med Jesu auge

8. september      Søndagstreff      Øyvind Slåtta. Basar/amr auksjon

- Å sjå andre med Jesu auge/ misjon

22. september      Søndagstreff      Janna Nordgaard

- Fridom

20. oktober      Søndagstreff      Kreativ kveld

- Von i med- og motgang

3. november      Søndagstreff      Vitnemøte

Tilgjeving og forsoning

10. november      Fellesskapskveld hos Solvang d.y.

17. november      Søndagstreff      Møyfrid Lunde og KSC

Bønerett (Vurdere å be ML å ta fellesandakt.)

15. desember      Jolemøte      Gunstein Draugedalen og Sven Øverland kjem (60 år sidan dei kom kom til Betel.)

(Arrangement i regi av fellesmøtekomiteen kjem i tillegg.)

Sak 30/19: Vidare arbeid med Levande-tru-seminar (Linda Andernach Johannessen)  
1. og 2. februar 2020

Laurdag 1. februar: Vi foreslår lunsj ca kl 12.00 – 13.00 og seminaret til Linda etterpå.

Sundag 2. februar: Felles familiemøte kl 11.00

Åsbjørg tek vidare kontakten med Linda. Avklare overnatting (privat eller på Kvitsund) og opplegg.

Vi må hugse å gjere opplegget kjent tidleg for dei andre kyrkjelydane

Sak 31/19: Status for Cornerstone

Medlemsregisteringa er no ferdig. Ungdommar som framleis bur i Kviteseid er blitt spurt om å stå som medlem.

Vi kan kjøpe frå Cornerstone ei teneste som gjer av i kan få faste gjevarar over på avtalegiro. Dette kostar 1200,- eksl mva. Styret er positive til at vi gjer dette.

Sak 32/19: Eventuelt og info

- Vi vil utfordre to Kvitsund-elevar til å bli med på Betel som deira kristendom-praksis. Åsbjørg og Sigrun utformar «stillingsinstruks»
- Vi har fått tilbod om besøk av Edgar og Martha Paulsen i starten av november. Styret har ikkje kapasitet til å arrangere noko då, men utfordrar Gunhild, Anlaug og Ove til å ta stilling til dette.
- Neste styremøte blir 6. november kl.18.30. Mari ordnar mat og opning

*Åsbjørg Hægeland, sekretær*